

Notat 2005–16

Økonomien i jordbruksfylka

Trendar og økonomisk utvikling siste tiaret

Tabellsamling 2000–2004

Siv Karin Paulsen Rye
Torbjørn Haukås
Heidi Knutsen

Tittel	Økonomien i jordbruket i Rogaland og Agder-fylka. Trender og økonomisk utvikling siste tiåret. Tabellsamling 2000–2004
Forfattere	Siv Karin Paulsen Rye, Torbjørn Haukås, Heidi Knutsen
Utgiver	Norsk institutt for landbruksøkonomisk forskning (NILF)
Utgiversted	Oslo
Utgivelsesår	2005
Antall sider	72
ISBN	82-7077-627-0
ISSN	0805-9691

Litt om NILF

- Forskning og utredning angående landbrukspolitikk, matvaresektor og -marked, foretaksøkonomi, nærings- og bygdeutvikling.
- Utarbeider nærings- og foretaksøkonomisk dokumentasjon innen landbruket; dette omfatter bl.a. sekretariatsarbeidet for Budsjett-nemnda for jordbruket og de årlige driftsgranskningene i jord- og skogbruk.
- Utvikler hjelpemidler for driftsplanlegging og regnskapsføring.
- Finansieres av Landbruks- og matdepartementet, Norges forskningsråd og gjennom oppdrag for offentlig og privat sektor.
- Hovedkontor i Oslo og distriktskontor i Bergen, Trondheim og Bodø.

Forord

«Driftsgranskinger i jord- og skogbruk» er ei årleg rekneskapsgransking der det inngår omlag 1 000 bruk over heile landet kvart år. Grunnlagsmaterialet for denne granskingsa er omfattande, og mange data vert det ikkje plass til i den landsdekkande publikasjonen. Det er eit mål for NILF å gjere data fra driftsgranskingsdata lettare tilgjengelege. Vi har derfor laga eit notat basert på driftsgranskingsdata frå fylka Rogaland, Aust-Agder og Vest-Agder. Det deltek omlag 70 bruk frå Rogaland, og 30 bruk frå kvart av Agder-fylka i granskingsa. Driftsrekneskapane er utarbeidde på grunnlag av skatterekneskap, med tilleggsopplysningar om bruk av areal, oppnådde avlingar og arbeidsinnsats.

Kvart år vert om lag 10 prosent av bruken i statistikken skifta ut med nye. Utskifting av bruk og gardsoverdraging kan gje tilfeldige utslag i dei minste gruppene i enkeltår.

Driftsgranskingsa i jord- og skogbruk er utarbeidde ved stor felles innsats av medarbeidarar ved alle kontora til NILF.

Siv Karin Paulsen Rye har skrive kapitel 1, 3 og 5, Torbjørn Haukås har skrive kapitel 2, Heidi Knutsen har skrive kapitel 4 og Anne Bente Ellevold har ferdigstilt notatet for trykking.

Oslo, desember 2005

Ivar Pettersen

Innhald

1	INNLEIING	1
2	SAMDRIFTER	3
3	TRENDAR OG ØKONOMISK UTVIKLING SISTE TIÅRET	5
3.1	Resultatmål i jordbrukskot	5
3.1.1	Driftsoverskot	5
3.1.2	Vederlag til alt arbeid og eigenkapital per årsverk	7
3.1.3	Lønsevne per time	8
3.2	Totaløkonomien for bruk i Rogaland og Agder	9
3.2.1	Nettoinntekt	9
3.2.2	Nettointvestering	10
3.3	Bruk med driftsforma mjølk og gris	11
3.3.1	Gjeld og gjeldsprosent	12
3.3.2	Tilleggsnæringer	13
4	UTVIKLINGSTREKK 2004	15
4.1	Hovudtendensar for 2004	15
5	TABELLSAMLING 2000–2004	19
6	FORKLARING PÅ FAGUTTRYKKA I TABELLSAMLINGA	71

Figuroversikt

Figur 3.1	Driftsoverskot per bruk i ulike område	6
Figur 3.2	Produksjonsinntekter og -kostnader i ulike driftsformer på Jæren	7
Figur 3.3	Produksjonsinntekter og -kostnader i ulike driftsformer i andre bygder	7
Figur 3.4	Driftsoverskot og vederlag til arbeid og eigenkapital på Jæren og i andre bygder	8
Figur 3.5	Vederlag til arbeid og eigenkapital per årsverk for ulike driftsformer	8
Figur 3.6	Lønsevne per time for landet, Jæren og andre bygder	9
Figur 3.7	Nettoinntekt og driftsoverskot fra jordbrukskot per bruk på Jæren, samt nettoinntekt for landet	9
Figur 3.8	Nettoinntekt og driftsoverskot fra jordbrukskot per bruk i andre bygder, samt nettoinntekt for landet	10
Figur 3.9	Nettointvesteringar per bruk i ulike område	11
Figur 3.10	Oversikt over dei viktigaste inntektspostane per bruk, mjølk og gris 2004	12
Figur 3.11	Oversikt over dei viktigaste kostnadspostane per bruk, mjølk og gris 2004	12
Figur 3.12	Gjeld i middel per bruk for ulike område	13
Figur 3.13	Gjeldsprosent per bruk i ulike område	13
Figur 3.14	Driftsoverskot fra tilleggsnæringer, i gjennomsnitt for alle bruk i ulike område	14
Figur 3.15	Driftsoverskot på tilleggsnæringer per bruk i andre bygder og landet, 2004 (bere-kna på bruk med tilleggsnæringer, 46 bruk i andre bygder og 426 på landsbasis)	14

Tabelloversikt

Tabell 2.1	Samdrifter i mjølkeproduksjonen samanlikna med store mjølkeproduksjonsbruk.....	4
Tabell 3.1	Oversikt over gjeld og egedelar på bruk med mjølk og gris	11
Tabell 4.1	Samla oversikt for 2004.....	17

Tabellsamling

Tabell 1	Fylkestal, Rogaland	20
Tabell 2	Fylkestal, Vest-Agder.....	23
Tabell 3	Fylkestal, Aust-Agder.....	26
Tabell 4	Områdetal, Jæren, alle bruk	29
Tabell 5	Områdetal, Jæren, storleiksgruppe 3 (100–200 daa), alle driftsformer	32
Tabell 6	Områdetal, Jæren, storleiksgruppe 4 (200–300 daa), alle driftsformer	35
Tabell 7	Områdetal, Jæren, storleiksgruppe 5 (300–500 daa), alle driftsformer	38
Tabell 8	Områdetal, Jæren, mjølk- og storfekjøtproduksjon	41
Tabell 9	Områdetal, Jæren, mjølkeproduksjon og svinehald.....	44
Tabell 10	Områdetal, andre bygder, alle bruk	47
Tabell 11	Områdetal, andre bygder, storleiksgruppe 2 (50–100 daa), alle driftsformer	50
Tabell 12	Områdetal, andre bygder, storleiksgruppe 3 (100–200 daa), alle driftsformer	53
Tabell 13	Områdetal, andre bygder, storleiksgruppe 4 (200–300 daa), alle driftsformer	56
Tabell 14	Områdetal, andre bygder, storleiksgruppe 5 (300–500 daa), alle driftsformer	59
Tabell 15	Områdetal, andre bygder, mjølk- og storfekjøtproduksjon	62
Tabell 16	Områdetal, andre bygder, mjølkeproduksjon og sauehald	65
Tabell 17	Områdetal, andre bygder, mjølkeproduksjon og svinehald.....	68

1 Innleiing

Driftsgranskingane i jord- og skogbruk har ei lang historie. Noregs Vel starta driftsgranskingar alt i 1911. Granskinga vart overteken av Noregs landbruksøkonomiske institutt (NLI)¹ ved opprettinga i 1947.

Hovudformålet med rekneskapsundersøkinga er å vise resultat og utvikling i økonomiske tilhøve på gardsbruk der inntekter fra jordbruket har eit visst omfang. Driftsgranskingane skal vise økonomiske resultat for brukarfamilien og for ulike bruk med omsyn til storleik, driftsform og geografisk plassering.

Undersøkinga tek spesielt for seg verksemda i jord- og skogbruket, men andre næringssgreiner blir og tekne med. Næring som tek utgangspunkt i garden sine ressursar, er kalla tilleggsnæring, og næringsverksemd som er uavhengig av garden sitt driftsapparat, er kalla «anna næring».

Driftsgranskingane skal gje grunnlag for samanlikning med anna nasjonal og internasjonal statistikk, gje grunnlag for forsking og utgreiling, gje bidrag til rådgjeving og undervisning og til offentleg politikk og forvalting.

Etter 1950 har det kvart år vore med om lag 1 000 bruk i driftsgranskingane. Ved utval av bruk er det lagt vekt på at driftsgranskingane skal vere representative for den delen av landbruket der storparten av inntekta kjem frå bruket. Nye bruk til driftsgranskingane vert rekryterte ut frå lister over bruk som er tilfeldig trekte ut frå Statens landbruksforvaltnings tilskotsregister. Uttrekte bruk skal ha eit standard dekningsbidrag som minst svarar til 8 ESU, eller 70 000–80 000 kroner. Det er produksjonsomfanget, og ikkje det økonomiske resultat på det enkelte bruket, som er kriterium for utvalet. Deltaking i driftsgranskingane er frivillig, og det er inga grense for kor lenge eit bruk kan vere med, men brukaren skal ikkje vere eldre enn 67 år. Kvart år vert omlag ti prosent av deltakarbruka skifta ut.

¹ NILF vart oppretta i 1986 ved at NLI vart slått saman med Sekretariatet for Budsjettet for landbruksforvaltningen i 1986.

Oppbygging av notatet

Frå fylka Rogaland, Aust-Agder og Vest-Agder er det kvart år med rundt 130 bruk i denne granskingsa. Dette notatet tar for seg den økonomiske utviklinga i jordbruket i Rogaland og Agder dei siste 10 åra, med hovudvekt på rekneskapsåret 2004.

I kapittel to har vi sett nærmere på samdrifter, og samanlikna dei med andre store bruk i driftsgranskingane.

Utviklinga i økonomien i jordbruket, soliditeten og totaløkonomien til brukarfamilien dei siste 10 åra er dokumentert i kapittel tre. Trendane i denne perioden er presenterte i figurar. Alle bakgrunnsdata i dette kapittelet er deflaterte etter konsumprisindeksen.

Fjerde kapittel inneholder resultata frå rekneskapsåret 2004. Kapittel fem er sjølv tabellsamlinga som inneholder tal frå driftsgranskingane for Rogaland og Agder for dei siste fem åra. Tabellane er delte inn slik at ein kan finne tal for landsdelen, fylka, ulike storleiksgrupper og ulike produksjonar. Alle økonomiske data i kapittel fem (tabellane) er nominelle tal for åra, og dermed ikkje inflasjonsjusterte.

Sist i notatet finn ein forklaringar på dei faguttrykka som er nytta.

2 Samdrifter

Stadig fleire mjølkeprodusentar slår seg saman og startar samdrifter. Ved inngangen til 2004 var det registrert 1 058 samdrifter med mjøkeproduksjon. Ved utgangen av året var talet auka til 1 236 (Statens Landbruksforvaltning). Inntil 2004 har samdriftene ikkje vore representert i driftsgranskingane. I 2004 vart det tatt inn 13 samdrifter med mjøkeproduksjon i driftsgranskingane. I alt er det 27 bruk med i desse samdriftene. For seks av samdriftene er det berre den eine brukaren som er aktiv. Desse brukna er derfor gått inn i materialet på ordinær måte ved at resultatet av samdrifta er slege saman med resultatet til brukaren.

Dei andre sju samdriftene har to eller tre aktive brukarar, og er derfor handsama spesielt i driftsgranskingane. Rekneskapen for samdrifta er slegen saman med rekneskapane til brukarane slik at resultata viser driftsoverskot for heile verksemda. All jordbruksdrift på dei aktuelle eigedommane er med, det vil seie samdrifta og jordbruksverksemda til alle brukarane. Vederlag for alt arbeid og eigenkapital per årsverk viser då eit gjennomsnitt for samdrifta og brukarane. Privatøkonomien for desse driftseiningane er ikkje teken med.

Resultat frå alle samdriftene er presentert i tabellen under, og samanlikna med ei gruppe med store mjøkebruk i driftsgranskingane. Det er vanskelig å samanlikne desse gruppene direkte fordi det er mykje svinehald på enkelte av samdriftene. Det som karakteriserer gruppene med samdrifter, er at det er større kjøtproduksjon på storfe og større grovförareal per årsku. Når det gjeld arbeidsinnsatsen per årsku, vil samdriftene få eit høgare tal enn mjøkebruka på grunn av at dei har svinehald i tillegg.

Det er liten skilnad mellom gruppene i oppnådde prisar på produkta. Det er høgare mjøkepris på samdriftene, mest på grunn av at dei andre store mjøkebruka har produsert over kvote. På samdriftene utgjer tilskot ein høgare del av produksjonsinntektene. Det kjem hovudsakleg av driftstilskotet for samdrifter. Dessutan er noko av årsaka at samdriftene er jamt fordelt i regionar, mens dei store mjøkebruka er konsentrert i område utan distriktstilskot.

På kostnadssida har samdriftene lågare kostnader til leigd arbeid. Kostnader til bygningar er høgare på samdriftene då mange har investert i nybygg i samband med etablering av samdrifta. Det er også vesentleg høgare kapitalinnsats per årsku på samdriftene både på grunn av nybygg og fordi bygninga for to driftseiningar ligg inne.

Går vi på resultatmåla, ser vi at det er små skilnader mellom gruppene. Vederlag til arbeid og eigenkapital er høgast på samdriftene med kr 195 200 per årsverk, mens de store mjølkebruka oppnådde kr 182 500 per årsverk. På grunn av stort innslag av sideproduksjonar på nokre av samdriftene, er det vanskeleg å vurdere om lønnsemada i mjølkeproduksjonen er betre eller dårlegare på samdriftene enn på liknande mjølkebruk drivne av enkeltbønder.

Tabell 2.1 Samdrifter i mjølkeproduksjonen samanlikna med store mjølkeproduksjonsbruk

	Samdrifter	Store mjølkebruk
Tal bruk	13	21
Jordbruksareal, daa	461	437
Grovfor per arsku, daa	13,8	12,9
Avling i alt, FEm per daa	441	462
Tal arskyr	30,1	33,8
Produsert mjølk, kg per arsku	6 922	6 685
Produsert kjøt, kg per arsku	351	243
Mjølkekvote liter	189 982	195 597
Omsett mjølk	185 854	199 999
Arbeidsinnsats i alt, timer	5 030	4 681
Utført av: Familien/partnarar	3 931	2 984
Leigd arbeidshjelp	617	1 132
Ubetalt arbeid	483	564
Per arsku	167	138
Oppnadde priser, Mjølk, kr per l	3,50	3,44
Kukjøt, kr per kg	28,39	28,69
Anna storfekkjøt, kr per kg	33,36	33,35
Produksjonsinntekt i alt, kr	1 708 000	1 549 400
Herav: Mjølk	650 200	688 600
Livdyr og slakt	313 500	278 100
Andre husdyrinntekter	139 600	84 200
Tilskot	524 600	390 700
Tilskot i % av prod.inntekter	30,7	25,2
Kostnader i alt, kr	1 202 600	1 195 000
Variable kostnader	635 300	541 100
Herav: Innkjøpt for	358 600	306 900
Faste kostnader	567 300	653 900
Herav: Leigd arbeid	78 300	157 600
Maskiner	117 400	122 100
Driftsbygningar	135 200	116 100
Dekningsbidrag	1 072 700	1 008 300
Dekningsbidrag ekskl. tilskot	534 600	604 300
Innsett kapital, kr per arsku	100 600	75 400
Eigenkapitalprosent	41	42
Driftsoverskot jordbruk, kr	505 400	354 400
Vederlag til arbeid og EK, kr per arsverk	195 200	182 500
Vederl. til familiens arbeid og EK, kr per arsverk	189 800	158 500
Familiens arbeidsforteneste, kr per arsverk	160 600	131 300
Lønsevne, kr per time	91,96	87,61

3 Trendar og økonomisk utvikling siste tiaret

Dette kapittelet syner ein del trendar og utviklingstrekk for jordbruksoppdraget i Rogaland, Vest-Agder og Aust-Agder fra 1995 til og med 2004. Materialet er hovudsakleg delt inn i to område; Jæren og andre bygder. Andre bygder omfattar dei to Agder-fylka samt Rogaland utanom Jæren. For området Jæren er det i 2004 tal frå 42 bruk som ligg til grunn for framstillinga, og i gruppa andre bygder er det 90 bruk. Til samanlikning har vi tatt med tal som syner utviklinga for heile landet, og der er det i 2004 tal frå 947 bruk som ligg til grunn. I dette kapittelet er det nytta figurar for å syne utviklinga. Nokre av gruppene er små, og for desse gruppene kan utskifting av bruk og større investeringar på enkelte bruk gje store utslag på resultatet. Alle resultata i dette kapittelet er omrekna til 2004-kroner etter konsumprisindeksen.

3.1 Resultatmal i jordbruket

Figurane i dette avsnittet viser utviklinga for følgjande resultatmål i jordbruket: Driftsoverskot per bruk, vederlag til arbeid og eigenkapital per årsverk og lønsevne per time. Jordbruksfrådraget er etter kvart blitt ein viktig del av inntektpolitikken i Noreg, men det påverkar ikkje resultatmåla i driftsgranskingane.


3.1.1 Driftsoverskot

Driftsoverskot er produksjonsinntekter minus kostnader. Driftsoverskotet skal dekke løn til familien og eventuelt anna ubetalt arbeid og vederlag til både eigen og lånt kapital. Frå og med år 2002 er det føreteke ei rekneskapsmessing endring i materialet ved at det ikkje er sett inn verdi for gratisarbeid utført av slektningar/ andre. Denne endringa påverkar storleiken på driftsoverskotet i jordbruksoppdraget og i skogbruket, samt nettoinntekta. Alle åra bakover i dette notatet er rekna om etter ny metode.

Figur 3.1 viser korleis driftsoverskotet i områda har utvikla seg samanlikna med heile landet. Jæren har det høgaste driftsoverskotet gjennom heile perioden. Dette skuldast at Jæren har dei største brukene, høgast produksjon og produktivitet.


Driftsoverskotet viste ein kraftig auke i 2002. Årsaka var høgare prisar på sentrale produkt som mjølk og svinekjøt, ekstra utbetaling på mjølk og auke i produksjonsvolum.

I 2003 og 2004 har driftsoverskotet gått ned på Jæren. Dette skuldast mellom anna at både tilskot og pris på mjølk og svinekjøt har gått ned, og kostnadene har auka relativt meir enn inntektene. Bondene på Jæren har framleis det største overskotet, men skilnaden mellom Jærbondene og bondene i resten av regionen har minka.




Figur 3.1 Driftsoverskot per bruk i ulike områder

Gjennomsnittet for alle brukene på Jæren viser ein jamn auke i produksjonsinntektene gjennom heile perioden. I 2003 var det imidlertid ein stor auke i variable kostnader, noko som gjer at driftsoverskotet vart lågare. Figur 3.2 viser produksjonsinntekter og – kostnader i ulike driftsformer på Jæren.



Figur 3.2 Produksjonsinntekter og –kostnader i ulike driftsformer på Jæren


Figur 3.3 viser produksjonsinntekter og –kostnader i ulike driftsformer i andre bygder. Der er omfangen av drifta mindre, og har halde eit meir stabilt nivå gjennom perioden.



Figur 3.3 Produksjonsinntekter og –kostnader i ulike driftsformer i andre bygder


3.1.2 Vederlag til alt arbeid og eigenkapital per årsverk

Vederlaget viser kor mykje som er igjen til å dekke alt arbeidet på bruket, (også leigd hjelpe) og til forrenting av eigenkapitalen. Medan driftsoverskotet blir rekna per bruk, blir vederlag til arbeid og eigenkapital rekna per årsverk. Eit årsverk i landbruket er sett til 1 845 timer. I 2004 var det i gjennomsnitt 1,9 årsverk på bruken på Jæren, og 1,7 årsverk på bruken i andre bygder. Figur 3.4 viser både driftsoverskot og vederlag til arbeid og eigenkapital på Jæren og i andre bygder.



Figur 3.4 Driftsoverskot og vederlag til arbeid og eigenkapital på Jæren og i andre bygder


Figur 3.5 viser vederlag til arbeid og eigenkapital i ulike driftsformer på Jæren og i andre bygder. Driftsforma mjølk og storfe i andre bygder har hatt det lågaste vederlaget gjennom heile perioden.



Figur 3.5 Vederlag til arbeid og eigenkapital per årsverk for ulike driftsformer

3.1.3 Lønsevne per time

Lønsevne per time er arbeidsfortenesta til familien pluss kostnader til leigd hjelpe, og viser kor mykje som er igjen til løn når innsett kapital har fått godt gjering. Figur 3.6 viser lønsevne per time for landet, Jæren og andre bygder. Gjennomsnittet for andre bygder har i heile perioden vore noko lågare enn landsgjennomsnittet, medan brukar på Jæren har hatt ein del høgare lønsevne per time.




Figur 3.6 Lønsevne per time for landet, Jæren og andre bygder


3.2 Totaløkonomien for bruk i Rogaland og Agder

3.2.1 Nettoinntekt

Nettoinntekta er eit resultatmål som viser den samla inntekta til brukarfamilien, og omfattar driftsoverskot for alle yrkesgreiner, lønsinntekter og trygd, med tillegg av rente-inntekter og verdien av familien sitt arbeid på nyanlegg, minus rente- og kårtutgifter. Figur 3.7 og figur 3.8 viser nettoinntekt og driftsoverskot frå jordbruksbedriftene på Jæren og i andre bygder, samt nettoinntekt i gjennomsnitt for landet.



Figur 3.7 Nettoinntekt og driftsoverskot frå jordbruksbedriftene på Jæren, samt nettoinntekt for landet




Figur 3.8 Nettoinntekt og driftsoverskot frå jordbruksbruk i andre bygder, samt nettoinntekt for landet

I 1995 utgjorde driftsoverskotet frå jordbruksbruket 68 prosent av samla inntekter på bruket på Jæren, medan det utgjorde 52 prosent av samla inntekter i 2004. I andre bygder har nettoinntekta lege noko lågare, men den har auka jamt dei siste åra. Driftsoverskotet frå jordbruksbruket utgjorde i andre bygder 41 prosent av samla inntekter i 2004, mot 48 prosent i 1995.

3.2.2 Nettoinvestering

Nettoinvesteringar er verdien av tilkjøp av egedelar minus avskrivningar, tilskot og sal. Ei positiv nettoinvestering vil seie at ein aukar verdien på produksjonsmidlane i løpet av året. Investeringsauken på Jæren kan mellom anna sjåast i samanheng med auka konsejsongrenser i 2003. Sjølv i relativt store grupper vil store investeringar på enkeltbruk i eit år gje utslag for gjennomsnittet for gruppa. Figur 3.9 viser nettoinvesteringar per bruk i ulike område. Jæren hadde ein særstak investeringsaktivitet i 2004. På bruk med kombinert mjølk- og svineproduksjon (11 bruk) var det investert i gjennomsnitt for kr 748 000. Også i andre bygder var det store nettoinvesteringar i gruppa med mjølk- og svineproduksjon. Der var det i gjennomsnitt investert for kr 545 000 (5 bruk). Det er særleg investert i bygningar i 2004. Det gjeld bygningar både for storfe (mjølk) og for svin.



Figur 3.9 Nettoinvesteringar per bruk i ulike område

3.3 Bruk med driftsforma mjølk og gris


Som nemnt var det store investeringar på bruk med kombinasjonen ku og gris i 2004. I Rogaland og Agder var det i alt 16 bruk denne driftsformen, og i dette kapittelet ser vi nærmere på desse brukene. I gjennomsnitt hadde desse brukene 19 årskyr, 28 044 kg omsett slaktegris, 213 daa jordbruksareal, og arbeidsforbruket på jordbruksareal var på 3 941 timer.

Vi ser av tabell 3.1 at den kortsiktige gjelda er meir enn fordobra i løpet av året, og sum gjeld på desse brukene har auka med ca. kr 642 000 frå 01.01 til 31.12. Gjeldsprosentsaten har auka med 6,2 prosentpoeng.


Tabell 3.1 Oversikt over gjeld og egedelar på bruk med mjølk og gris

	01.01.2004	31.12.2004
Langsiktig gjeld til familie	98 288	82 375
Langsiktig gjeld til andre	1 436 492	1 804 498
Driftskredit	74 963	104 675
Anna kortsiktig gjeld	252 760	512 917
Sum gjeld	1 862 502	2 504 466
Gjeldsprosent	46,0	52,2
Eigenkapital	2 186 496	2 295 259
Egedeler på jordbruksareal	2 450 399	3 099 213
Egedeler på bruket i alt	4 048 998	4 799 725

Figur 3.10 og figur 3.11 viser ei oversikt over dei viktigaste inntekts- og kostnadspostane på bruk med mjølk og gris. Sum produksjonsinntekter er kr 1 692 000, og inntekt frå slaktegris utgjer 32 prosent av dette. På kostnadssida er det kraftføret som utgjer den viktigaste posten (35 prosent) av totale kostnader på kr 1 328 000.




Figur 3.10 Oversikt over dei viktigaste inntektspostane per bruk, mjølk og gris 2004



Figur 3.11 Oversikt over dei viktigaste kostnadspostane per bruk, mjølk og gris 2004


3.3.1 Gjeld og gjeldsprosent

Sidan 1995 har gjelda per bruk auka jamt i heile landet. Etter store investeringar i gruppa med kombinert mjølk- og svineproduksjon, er det naturleg nok der gjelda har auka mest. På Jæren har desse bruka i gjennomsnitt ei gjeld på kr 2 539 000 i 2004. Figur 3.12 viser gjeld i middel per bruk i ulike område.



Figur 3.12 Gjeld i middel per bruk for ulike område


Gjeldsprosenten er gjelda til familien i prosent av totalkapitalen og han viser kor stor del av egedelane som er finansiert med framand kapital. Alle brukar i driftsgranskingane hadde ein gjennomsnittleg gjeldsprosent på 41 prosent i 2004 (figur 3.13), Jæren hadde 50 prosent, og andre bygder 48 prosent.



Figur 3.13 Gjeldsprosent per bruk i ulike område

3.3.2 Tilleggsnæringer

Tilleggsnæring vert i driftsgranskingane definert som næring i tillegg til tradisjonelt jordbruksnæringsverk, kor garden sine ressursar blir nytta. (Til dømes maskinkjøring, utleigehus, utmarksnæringsverk, turisme, vidareforedling av varer og liknande.) I gjennomsnitt for alle brukar utgjer bidraget frå tilleggsnæringsverket lite, men det kan bety mykje på enkeltbruk. Figur 3.14 viser driftsoverskot frå tilleggsnæringsverk i gjennomsnitt for alle brukar som er med i driftsgranskingane i ulike område.




Figur 3.14 Driftsoverskot fra tilleggsnæring, i gjennomsnitt for alle bruk i ulike områder

På landsbasis var det 947 bruk med i driftsgranskningane i 2004, og av desse hadde 426 bruk ei form for tilleggsnæring, dvs. 45 prosent. I Rogaland og Agder var det i alt 53 bruk med tilleggsnæring, dvs. 40 prosent av bruken i området.

På Jæren var det i 2004 berre 7 bruk (dvs. 17 prosent) som dreiv med tilleggsnæring, og desse brukene hadde i gjennomsnitt kr 30 900 i driftsoverskot på tilleggsnæringa. Alle desse 7 brukene var mjølkeproduksjonsbruk, med 27 årskyr i middel. Tilleggsnæringa dei dreiv med, var i hovudsak maskinkjøring og utleiehus.

I andre bygder var det 46 bruk (dvs. 51 prosent) som hadde tilleggsnæring i 2004. Desse hadde i gjennomsnitt kr 76 500 i driftsoverskot på tilleggsnæringa. Figur 3.15 viser driftsoverskotet per bruk på ulike tilleggsnæringer i andre bygder og i gjennomsnitt for landet.



Figur 3.15 Driftsoverskot på tilleggsnæring per bruk i andre bygder og landet, 2004
(berekna på bruken med tilleggsnæring, 46 bruk i andre bygder og 426 på landsbasis)

4 Utviklingstrekk 2004

4.1 Hovudtendensar for 2004

- Framleis Jærbondene som har høgast jordbruksinntekt i Rogaland og Agder, men skilnaden mellom Jærbondene og bondene i resten av regionen vert mindre
- Stor investeringsaktivitet

Jordbruksinntektene er definert som løn til alt arbeid og rente på eigenkapitalen, og varierer mellom ulike produksjonar og storleik på bruken. Ein kjem fram til resultatmålet ved å legge leigd arbeid til driftsoverskotet og trekke frå jordbruksfrådraget del av faktisk betalte gjeldsrenter og kår. Effekt av auka jordbruksfrådrag er ikkje teke omsyn til. Jordbruksinntektene til bondene på Jæren gjekk ned med 6 prosent i 2004, men er framleis høgast i regionen med kr 174 300 per årsverk. Bondene i resten av Rogaland og Agder auka sine inntekter med 16 prosent, til kr 160 000 per årsverk.

Utviklinga frå 2003 til 2004 var ulik i dei to regionane. På Jæren har mjølkeproduksjonane auka sin produksjon noko, medan mengda storfekkjøt og svinekjøt har gått noko ned. I dei andre bygdene har også mjølkeproduksjonen auka, men den største skilnaden er at produksjon av svinekjøt har auka med 35 prosent i dei andre bygdene. Jordbruksarealet per bruk har auka i begge regionane, mest på Jæren med 20 dekar i gjennomsnitt per bruk. I dei andre bygdene i Rogaland og Agder, har gjennomsnittsarealet auka med 6 dekar.

Prisutviklinga har vore noko ulik i dei to regionane. Mjølkeprisen gjekk ned på Jæren og auka i dei andre bygdene, og vart lik (kr 3,50 per liter) for begge regionane. Prisen på storfekkjøt auka, medan prisane for andre kjøtslag gjekk ned for alle. Prisnivået på kjøt var noko lågare på Jæren enn i dei andre bygdene.

På Jæren er det brukta med **mjølkeproduksjon kombinert med svinehald** som viser best resultat per årsverk, med kr 200 500 i snitt. For desse brukta er mjølkeproduksjonen redusert med 8 prosent, medan omsett slaktegris har auka med 15 prosent. Mjølkeprisen er redusert med 7 øre per liter, det utgjer om lag kr 9 000 i gjennomsnitt per bruk. Pri-

sen på svinekjøt har gått ned med 6,5 prosent til kr 20,42 per kg. Reduserte rentekostnader og redusert arbeidsinnsats gjer likevel at jordbruksinntekta per årsverk har auka.

Mjølkeproduksjon er den største driftsforma i begge regionane, med 21 bruk på Jæren og 44 bruk i dei andre bygdene i Rogaland og Agder. Bruka på Jæren har i gjennomsnitt 25,7 årskyr, og dei har auka mjølkeproduksjonen med 6 prosent medan kjøtproduksjonen har gått ned med 8 prosent. Mjølkeprisen har gått ned med 10 øre per liter. Tidlegare år har Jærbondene oppnådd høgare mjøkepris enn bondene i dei andre bygdene. I 2004 vart mjøkeprisen lik i dei to regionane. Prisen på storfekkjøt auka med kr 1,36 på kukkjøt og kr 1,24 på anna storfekkjøt. Sjølv om bruka hadde ei auke i produksjonsinntekter, gjekk jordbruksinntektene ned til kr 172 300 per årsverk.

I dei andre bygdene i Rogaland og Agder har jordbruksinntektene auka for mjølkprodusentane. Gjennomsnittleg årskutal for bruka i denne regionen er 14,9. Omsett mjølk har auka med 4 prosent, kjøtproduksjonen er om lag uendra. Mjøkeprisen har auka med 5 øre til 3,50, prisen på kukkjøt har auka med kr 2,03 og på anna storfekkjøt med kr 1,18. Jordbruksinntekta per årsverk har auka med 8 prosent til kr 144 300.

Bruka med kombinert **mjølkeproduksjon og sauehald** i Agder og Rogaland andre bygder har hatt stor auke i produksjonen og moderat kostnadsauke. I gjennomsnitt har jordbruksinntektene per årsverk på desse bruka auka med 29 prosent. Det er berre 9 bruk i denne gruppa, og store endringar på enkeltbruk kan derfor gje store utslag.

Jordbruksinntektene til **grønsaksbondene** i Aust Agder var på kr 201 600 i 2004. Grønsaksbondene hentar hovudinntekta frå grønsaker og poteter, deretter kjem inntekt frå husdyrhald og til sist korn. Dei fleste har ein eller fleire av desse kombinasjonane. Arbeidsforbruket er i snitt på 6 330 timer og av dette utgjer leigd arbeidskraft 3 500 timer

Driftsoverskotet per bruk var i middel for Jæren var kr 301 300 og for Agder og Rogaland andre bygder kr 222 400. Det er ein nedgang på 7 prosent for Jærbuka og ei auke for dei andre bruka på 13 prosent. Driftsoverskotet skal gje vederlag til familien sitt arbeid i drifta samt ei rimeleg rente for kapitalinnsatsen.

Det har vore svært stor investeringsaktivitet i Rogaland og Agder-fylka i 2004. Størst nettoinvestering var det på Jæren med kr 269 100 per bruk. Det er bruka med kombinert mjølk- og svineproduksjon som har hatt dei største investeringane, kr 748 000 i snitt. For denne gruppa vil ein truleg sjå ein auke i produksjonen i 2005. Også i resten av bygdene i Rogaland og Agder var det stor investeringsaktivitet i 2004, med kr 110 800 i snitt per bruk. Ei positiv nettoinvestering vil seie at ein aukar verdien på produksjonsmidlane i løpet av året.

Driftsgranskningane viser at driftsoverskotet frå jordbruket utgjer om lag 52 prosent av **familien sine samla inntekter** for bruka på Jæren og 41 prosent i dei andre bygdene i Rogaland og Agder. Næringsinntekter utan om jordbruk, men som har basis i ressursane på bruket (også skog) utgjer om lag 1 prosent for Jærbuka og 7 prosent for dei andre bygdene i dei tre fylka. Resten av dei samla inntektene vert henta utanom bruket.

Samla **gjeld** i gjennomsnitt per bruk har auka med kr 353 774 per bruk i 2004 for bruka på Jæren. Samla gjeld var i gjennomsnitt kr 1 772 300 ved utgangen av året. For andre bygder i Rogaland og Agder auka samla gjeld med kr 38 500 per bruk i snitt. Samla gjeld på desse bruka var kr 891 800. **Rentekostnadene** gjekk ned med kr 22 100 for bruka på Jæren og med kr 15 700 for bruka i dei andre bygdene.

Maksimalt **jordbruksfrådrag** var kr 61 500 i 2004. Maksimal skattereduksjon per bruk vert då 17 220. For å oppnå dette, må næringsinntekta frå jordbruket vere over 170 000. I gjennomsnitt for bruka på Jæren utgjorde jordbruksfrådraget kr 58 600 og for bruka i dei andre bygdene kr 55 200 per bruk. Inntektsverknaden av dette er ikkje teke omsyn til i dei presenterte resultatmåla frå driftsgranskningane.

Alle dei presenterte resultata er middeltal frå grupper av bruk. Det er stor sprenging i materialet, noko som ikkje kjem fram her. Middeltalet for dei 132 bruka i Agder og Rogaland gjev likevel ein god peikepinn på korleis den økonomiske utviklinga for jordbruksbruket har vore.

Tabell 4.1 Samla oversikt for 2004

		Tal bruk	Innmarks-areal	Driftsoverskot per bruk		Jordbruksinntekt per arsverk ¹⁾	
				2003	2004	2003	2004
Alle	Rogal./Agder	132	228	236 300	247 100	154 600	164 800
Jæren	All	42	243	323 100	301 300	185 100	174 300
	100–199 daa	14	154	275 600	215 700	192 400	151 000
	200–299 daa	15	256	372 700	408 800	185 100	202 800
	300–500 daa	8	346	410 600	321 700	198 500	177 200
	Mjølk	21	237	338 500	309 100	183 000	172 300
	Mjølk/gris	11	223	374 000	362 500	191 800	200 500
Andre bygder Rogaland og Agder	All	90	221	196 200	222 400	138 000	160 000
	50–99 daa	6	90	60 400	38 000	78 700	79 300
	100–199 daa	36	151	179 200	169 700	132 200	140 000
	200–299 daa	31	248	250 600	295 300	152 400	183 300
	300–500 daa	15	372	245 400	259 000	143 400	153 600
	Mjølk	44	232	196 700	202 900	133 000	144 300
	Mjølk/sau	9	252	225 800	292 400	138 400	183 000
	Potet/grønsaker	7	249	379 800	394 200	204 700	201 600

1) Jordbruksinntekt per arsverk er definert som løn til alt arbeid og rente på eigenkapitalen

5 Tabellsamling 2000–2004

1. Fylkestal, Rogaland
2. Fylkestal, Vest-Agder
3. Fylkestal, Aust-Agder
4. Områdetal, Jæren, alle bruk
5. Områdetal, Jæren, storleiksgruppe 3 (100–200 daa), alle driftsformer
6. Områdetal, Jæren, storleiksgruppe 4 (200–300 daa), alle driftsformer
7. Områdetal, Jæren, storleiksgruppe 5 (300–500 daa), alle driftsformer
8. Områdetal, Jæren, mjølk- og storfekjøtproduksjon
9. Områdetal, Jæren, mjølkeproduksjon og svinehald
10. Områdetal, andre bygder, alle bruk
11. Områdetal, andre bygder, storleiksgruppe 2 (50–100 daa), alle driftsformer
12. Områdetal, andre bygder, storleiksgruppe 3 (100–200 daa), alle driftsformer
13. Områdetal, andre bygder, storleiksgruppe 4 (200–300 daa), alle driftsformer
14. Områdetal, andre bygder, storleiksgruppe 5 (300–500 daa), alle driftsformer
15. Områdetal, andre bygder, mjølk- og storfekjøtproduksjon
16. Områdetal, andre bygder, mjølkeproduksjon og sauehald
17. Områdetal, andre bygder, mjølkeproduksjon og svinehald

Tabellsamlinga inneholder tabellar med tal frå driftsgranskingane for åra 2000–2004. Det er presentert tabellar for kvart fylke og for dei to områda «Jæren» og «andre bygder i Rogaland og Agder». For områda er det presentert tal for heile område, storleiksgrupper og dei viktigaste driftsformene. Tabellane er nummererte fortløpende, og kvar tabell er delt inn i tre delar, a, b og c. Del a, produksjonstekniske data og oppnådde prisar, inneholder opplysningar om tal bruk som er med, arealopplysningar, opplysningar om produksjon og yting, arbeidsforbruk og oppnådde prisar. I del b, produksjonsinntekter og kostnader per bruk, finn ein produksjonsinntekter frå planteproduksjon, husdyrhald og produksjonstillegg og variable og faste kostnader. Den siste delen, c, resultat og balanse, viser ulike resultatmål og ei oversikt over balansen per 31.12.

**Tabell 1a Fylkestal, Rogaland
Produksjonstekniske data og oppnадde prisar**

	2 000	2 001	2 002	2 003	2 004
Tal bruk i gruppa	67	71	76	75	74
Alder pa brukar	43	42	42	43	43
Arealfordeling og avling per dekar					
Korn i alt, daa	5,0	5,3	6,3	6,7	4,3
Korn i alt, FEm per daa	420	481	594	532	504
Grønforvekster, daa	2,8	1,3	1,4		
Grønforvekster, FEm per daa	402	511	497		
Grovfor i alt, daa	179,5	189,1	191,5	195,6	213,9
Grovfor i alt, FEm per daa	492	476	480	494	466
Jordbruksareal i alt, daa	187,0	197,1	200,2	204,5	219,9
Jordbruksareal i alt, FEm per daa	488	477	487	496	467
Leigd areal, daa	22,5	26,9	30,6	31,2	38,9
Husdyrproduksjon					
Arskyr	16,2	16,5	16,4	16,6	17,0
Omsett mjølk, liter	89 967	94 599	93 951	95 879	99 557
Mjølkekvote	91 738	94 206	94 802	97 695	99 266
Mjølk, per arsku, kg	6 278	6 474	6 447	6 548	6 671
Storfekjøt, kg omsett	3 853	3 694	3 796	4 033	3 882
Tal grisekull	6	12	9	10	11
Slaktegris, kg omsett	4 024	4 441	4 648	4 966	4 599
Vinterfora sauer	21	22	26	30	40
Kg kjøt per vf sau	27	27	28	27	26
Ull, kg omsett	106	119	130	174	218
Egg, kg omsett	2 995	2 543	3 098	3 778	3 145
Arbeidsforbruk, timer					
Brukar	2 077	2 198	2 208	2 154	2 120
Ektefelle	440	395	420	403	411
Barn under 17 år	24	24	20	31	26
Sum familie	2 541	2 617	2 648	2 587	2 557
Leigd arbeid, betalt	635	594	548	536	508
Leigd arbeid, ubetalt	¹⁾ 245	229	211	235	264
Timar jordbruket	3 421	3 440	3 407	3 358	3 329
Timar skogbruket	36	27	30	33	31
Timar nyanlegg	64	53	45	34	73
Oppnадde prisar					
Bygg, kr per kg	1,67	1,73	1,73	1,75	1,53
Poteter, kr per kg	1,81	2,43	1,50	1,58	1,53
Kumjølk, kr per l	3,24	3,31	3,69	3,56	3,50
Kukkjøt, kr per kg	²⁾ 23,87	25,58	25,08	26,93	28,36
Anna storfekjøt, kr per kg	²⁾ 28,09	30,31	30,67	31,74	33,27
Smagris, kr per stk	676	790	784	801	718
Svinekjøt, slaktegris, kr per kg	19,25	19,92	21,78	21,75	20,40
Sau- og lammekjøt, kr per kg	²⁾ 31,80	31,34	30,14	30,68	29,62
Ull, kr per kg	33,57	34,70	34,42	35,29	30,93
Egg, kr per kg	11,18	10,53	10,61	11,29	10,98

1) Timar ubetalt leigd arbeid er berekna for aera 1999 til 2001

**Tabell 1b Fylkestal, Rogaland
Produksjonsinntekter og kostnader per bruk**

	2 000	2 001	2 002	2 003	2 004
Korn	2 980	3 489	4 668	4 082	2 259
Poteter	4 623	6 213	8 041	6 561	5 424
Andre planteprodukt	5 490	10 597	12 466	10 966	10 491
Planteprodukt	13 093	20 299	25 175	21 610	18 174
Storf, mjølk	291 859	312 755	346 846	341 573	348 645
Storf, livdyr og slakt	120 798	124 431	131 260	135 929	133 474
Smagris	10 997	57 453	40 169	54 138	56 567
Slaktegris	83 995	85 754	100 712	108 096	91 179
Purker og ranar	4 076	13 693	8 468	13 717	30 770
Sau, livdyr og slakt	19 841	19 034	19 630	25 190	30 982
Ull	3 526	4 179	4 579	6 061	6 884
Fjørfe, egg, livdyr og slakt	30 566	31 299	35 328	37 928	35 599
Geit, melk, livdyr og slakt	2 311	2 524	3 567	2 894	
Andre innt. husdyrhaldet	1 099	2 316	1 978	3 078	1 271
Husdyrprodukt	569 068	653 438	692 537	728 603	735 371
Areal- og kult.landsk.till., grovfor	46 562	42 852	48 050	47 396	49 420
Areal- og kulturlandskaptill., korn	1 177	2 019	1 651	1 794	1 365
Produksjonstillegg, husdyr	78 551	81 136	89 944	93 301	101 649
Botnfradrag ¹⁾			-6 000	-5 987	-6 243
Drifts-, grunn- og distrikts tilskot	79 707	73 119	78 781	70 603	65 869
Refusjon av avløysarutgifter	53 389	50 895	56 303	43 760	49 002
Andre tilskot og trygder	5 847	5 586	5 908	7 741	8 050
Leigeinntekter traktor og reiskap	2 443	2 849	3 927	5 428	5 366
Traktor i skogen / anna inntekt	2 759	2 674	2 264	2 544	1 537
Sal av mjølkekvote	13 859				
Produksjonsinntekter i alt	866 455	934 867	998 540	1 016 792	1 029 560
Kraftfor	178 268	202 072	208 762	228 962	234 231
Andre forkostnader	11 505	9 816	8 440	10 351	15 891
Savarer	4 323	5 231	4 086	4 118	4 421
Handelsgjødsel og kalk	22 738	27 119	26 055	26 871	31 130
Konserveringsmidlar	7 438	8 822	8 881	8 975	10 722
Kjøp av dyr	33 231	37 480	42 345	58 628	55 860
Forbruksartiklar og diverse	38 589	46 254	46 744	53 430	56 741
Variable kostnader	296 092	336 794	345 313	391 336	408 996
Leid arbeid	76 235	73 140	72 413	75 112	68 692
Drivstoff	7 813	10 275	9 632	9 278	10 262
Vedl. jord, vegar, grøfter, vassanl.	5 585	5 885	7 893	4 872	7 388
Vedlikehald driftsbygningar	23 591	27 277	31 044	33 078	34 782
Vedlikehald traktor og maskiner	28 724	29 731	35 425	36 990	36 613
Avskrivingar	83 323	82 130	80 687	83 886	84 643
Maskinleige	14 196	16 939	16 698	23 659	25 885
Andre kostnader	57 458	65 363	67 075	79 007	84 614
Faste kostnader	296 925	310 740	320 867	345 880	352 879
Kostnader i alt	593 017	647 534	666 180	737 216	761 875

1) Botnfradraget er fra og med 2002 ført på eiga linje. Tidlegare er er botnfradraget trekt i fra pa dei andre tilskota.

**Tabell 1c Fylkestal, Rogaland
Resultat og balanse**

	2 000	2 001	2 002	2 003	2 004
Driftsoverskot	273 438	287 333	332 358	279 576	267 685
- Renter av aktiva i jordbruket	101 698	109 964	113 258	84 423	72 667
Familiens arb. forteneste	171 740	177 369	219 100	195 154	195 018
Fam. arb. forteneste per arsverk	113 733	114 984	141 392	127 590	127 546
Lønsevne i alt	247 975	250 509	291 513	270 265	263 709
Lønsevne per time	72,48	72,82	85,56	80,49	79
Vederl. til arb. og eigenkap. per arsv.	166 226	167 675	192 187	170 419	168 658
Rekneskapssamandrag					
Driftsoverskot, jordbruk	273 438	287 333	332 358	279 576	267 685
Driftsoverskot, skogbruk	1 067	805	1 915	2 709	1 556
Driftsoverskot, tilleggsnæring	8 915	9 843	9 604	12 052	15 627
Driftsoverskot, anna næring	13 801	6 412	5 265	9 056	17 973
Lønsinntekt	151 279	153 497	169 961	203 404	208 583
Pensjonar	3 346	4 485	7 202	6 924	10 954
Sjukepengar	14 919	9 840	11 060	9 404	11 036
Aksjeutbyte / erstatning	14 097	2 041	6 578	25 705	13 414
Arbeid nyanlegg	7 963	6 940	6 146	4 854	10 630
Renteinntekter	10 091	12 308	12 590	7 052	5 375
- Renteutgifter	63 522	71 920	79 496	67 893	48 258
- Kar	6 490	7 582	7 194	7 667	6 962
Nettoinntekt	428 904	414 002	475 989	485 175	507 613
Privatforbruk eks. skatt	322 249	315 638	352 957	357 666	376 469
Skatt	125 188	120 700	107 422	148 012	157 694
Balanseoversikt (UB)					
Kontantar og bankinnskot	204 727	218 545	226 546	239 603	262 778
Andre krav	72 264	86 151	97 336	91 365	132 922
Omløpsmidlar jordbruket	128 675	145 747	149 562	153 351	145 777
Omløpsmidlar skogbruket	1 313	744	670	423	853
Omløpsmidlar tilleggsnæring	381				1 229
Omløpsmidlar anna næring	108 974	102 348	135 368	111 877	107 570
Omløpsmidlar i alt	516 334	553 535	609 482	596 620	651 129
Anleggsmidlar jordbruk	1 328 292	1 437 793	1 474 811	1 558 158	1 767 548
Anleggsmidlar skogbruk	15 785	12 755	14 975	15 105	15 469
Anleggsmidlar tilleggsnæring	27 909	15 678	62 947	62 874	73 184
Anleggsmidlar anna næring	4 186	17 080	15 237	14 900	23 441
Hovudbygning	514 352	534 894	569 874	565 390	637 700
Privat	81 228	88 085	87 231	109 663	122 093
Anleggsmidlar i alt	1 971 752	2 106 285	2 225 075	2 326 091	2 639 435
Eigedelar i jordbruket	1 456 966	1 583 539	1 624 372	1 711 509	1 913 325
Eigedelar i alt	2 488 086	2 659 820	2 834 557	2 922 711	3 290 564
Kortsiktig gjeld	263 925	259 972	257 045	281 555	404 005
Langsiktig gjeld	835 126	926 867	978 452	1 055 036	1 194 904
Eigenkapital	1 389 035	1 472 981	1 599 060	1 586 119	1 691 654

1) Rentekravet på kapital bunden i jordbruket er på 7% fra år 2000-2002, 5% i 2003 og 4% i 2004

**Tabell 2a Fylkestal, Vest Agder
Produksjonstekniske data og oppnадde prisar**

	2000	2001	2002	2003	2004
Tal bruk i gruppa	29	29	29	29	27
Alder pa brukar	46	45	46	46	45
Arealfordeling og avling per dekar					
Korn i alt, daa	9,7	10,4	14,2	13,0	13,9
Korn i alt, FEm per daa	353	524	370	333	493
Grønforvekster, daa	5,6	10,7	3,9		
Grønforvekster, FEm per daa	350	162	201		
Grovfôr i alt, daa	169,4	187,0	194,2	204,2	226,0
Grovfôr i alt, FEm per daa	379	327	348	335	326
Jordbruksareal i alt, daa	180,8	199,5	210,6	219,0	242,2
Jordbruksareal i alt, FEm per daa	378	341	351	335	336
Leigd areal, daa	76,3	93,7	90,7	94,6	114,1
Husdyrproduksjon					
Arskyr	10,5	10,8	10,9	11,0	11,8
Omsett mjølk, liter	56 223	57 624	58 313	63 299	68 878
Mjølkekvote	56 742	58 500	60 677	61 905	63 073
Mjølk, per arsku, kg	6 050	6 072	6 047	6 514	6 630
Kukkjøt, kg omsett	1 311	1 131	1 176	1 148	1 243
Anna storfekkjøt, kg omsett	1 771	2 039	2 184	2 765	2 434
